

Fleire på gudstenestene

18.01.2014



Sundag vert kyrkjestatikken for 2013 lagt fram under soknemøtet i kyrkja og den fortel mellom anna at det var 1329 deltakarar i gudstenestene mot 1150 året før. Det vert 78 i snitt mot 67 i 2012. Desse tala gjeld 17 gudstenester på sun- og hellidagar begge år.

Statistikken fortel vidare at det korkje var nokon innmeldte eller utmeldte i fjor. 12 vart døypte mot 9 året før og 6 av dei var busette i soknet. 6 vart konfirmerte medan talet i 2012 var 7. Ingen vart vigde i Uskedalen i fjor, mot 4 året før. 6 vart gravlagde mot 13 året før.

Det var 3 gudstenester med nattverd i kyrkja og 128 deltok i dei. I takkoffer til misjon, naudhjep og anna kom det inn 26 015 kroner mot 28455 året før, I takkoffer til kyrkjelyden kom det inn 16266 mot 10816 året før. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp ga 15024 (15830)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen